

## Intervju med Ole Danbolt Mjøs

28. oktober 2008

*Som student i Bergen på 1960-talet var du skeptisk til medisinar-utdanninga som da var på tale ved Universitetet i Tromsø (UiT)?*

Ja, det hadde å gjere med det at eg som student satt i eit utval oppnemnt av regjeringa som skulle greie ut den vidare utbygginga av medisinsk utdanning i Noreg. Det var det såkalla Brodalutvalet, etter leiaren, Alf Brodal, som var professor i nevroanatomi ved Universitetet i Oslo. Eit sentralt spørsmål var kor den vidare utbygginga av dei medisinske fakulteta skulle skje. Eit fleirtal av oss gjekk inn for at det skulle vere ei ytterligare utbygging av dei eksisterande medisinske fakulteta i Oslo og Bergen. Eg hadde personleg studert begge plassar. Da tida var mogen til det, meinte fleirtalet, som eg hørte til, at det skulle byggast eit medisinsk fakultet i Trondheim. I siste omgang kunne det eventuelt bli noe i Tromsø, sjølv om fleirtalet var veldig vagt på det. Professor i medisin ved Universitetet i Bergen, Erik Waaler, utgjorde mindretalet. Han var professor i patologi og kollega av Torstein Bertelsen, som var professor i augesjukdommar, og som hadde fått ei sentral rolle i argumentasjonen for eit medisinsk studietilbod i Nord-Noreg. Han sto utafør utvalet vårt, men hadde nær kontakt med Waaler. Dei hadde det same standpunktet, nemleg at eit nytt medisinsk fakultet burde komme til Tromsø. I utvalet satt presidenten i legeforeininga, Gerhard Larsen, helsedirektør Karl Evang, professor i medisin i Bergen Per Ording, og så var eg med som studentrepresentant. Eg hadde på det tidspunktet slutført medisinstudiet, hadde turnusteneste, og hadde ikkje vore lenger nord enn til det nordlegaste punktet på Bergensbanen, for å seie det slik.

Den sentrale argumentasjonen i Brodal-utvalet gjekk på kvalitet. Det distriktpolitiske aspektet var overhovudet ikkje framme i utvalet sitt arbeid. Brodal var ein av dei fremste innanfor hjerneforskning. Dei andre var òg tunge aktørar. Sjølv om Evang på eit seinare tidspunkt kom til UiT, var det ingen som hadde det distriktpolitiske eller regionpolitiske synet. Det var meir spørsmål om korleis ein kunne sikre kvalitet. Dermed kom Trondheim før Tromsø i den argumentasjonen. Da innstillinga blei avlevert, trur eg at for mitt eige vedkommande, så landa eg på fleirtalsstandpunktet ut frå ein kvalitetsdiskusjon og ut frå stor respekt for desse som satt i utvalet og la overordna vekt på kvaliteten. Eg hadde

<http://doi.org/10.7557/15.4378>

© The author. This is an open access article distributed under the terms and conditions of the [Creative Commons Attribution 4.0 International](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/) license.

ikkje da fått auge på det viktige i å bygge Noreg, ikkje minst Nord-Noreg, vidare. For ikkje å seie å bygge eit medisinsk fakultet og dermed også eit universitet. Men det skulle eg komme til å sjå etter kvart.

*Så tok du til orde for medisinarutdanning i Bodø?*

Våren 1966 blei eg turnuskandidat i Gildeskål, og Brodal-utvalet hadde avgitt si innstilling i 1965. Vi fekk da den store diskusjonen om regjeringa skulle gå inn for utbygging av eit medisinsk fakultet i Trondheim eller i Tromsø. Da skreiv eg, turnuskandidat i Gildeskål, ein artikkel i *Nordlandsposten* som få har lese og som ikkje fekk noen konsekvens. Den var i kompromissets ånd, underskriven av ein som på det tidspunktet ikkje hadde vore lengre nord enn til Gildeskål. Det står der at i striden mellom å bygge eit medisinsk fakultet i Trondheim eller i Tromsø, så burde det medisinske fakultetet etablerast i Bodø, saman med sentralsjukehuset i Bodø. På det tidspunkt sto ikkje sentralsjukehuset i Bodø noe attende for sentralsjukehuset her i Tromsø. Viss du ser på tala i boka som Peter F. Hjort skreiv, så låg sentralsjukehuset i Tromsø på ca. 10. plass av sentralsjukehusa i Noreg. Den gongen var sentralsjukehuset i Narvik veldig bra. Dit var det tilvisingar av forskjellige ting, blodsjukdommar og anna. Narvik hadde nær kontakt med Sverige, god økonomi og alt det der. Men poenget var bare at det står i ein kompromissartikkel som ingen har lese og som eg hadde gleda av å ha skrive i *Nordlandsposten*. Hausten 1966 reiste eg vidare nordover for å bli militærlege i Lødingen. Da var den store diskusjonen om ein skulle bygge eit nytt sjukehus i Harstad eller bygge ut i Tromsø. Da skreiv militærlege Ole D. Mjøs ein artikkel i *Harstad Tidende* med klar melding om at no var tida komen til Harstad. No måtte Harstad få nytt sjukehus. Eg ville legge mitt i skåla. Det blei nytt sjukehus i Harstad, og så heldt utviklinga her oppe fram.

*Du fekk tidleg tilbod om jobb på UiT?*

Eg starta som forskar på Ullevål sjukehus i september 1967, hjarteforskning blei mitt felt. I nærare fem år dreiv eg med hjarteforskning der og tok min doktorgrad i 1972. Så fekk eg eit amerikansk post.doc.-stipend for å forske vidare etter doktorgraden. Eg var difor i San Francisco frå 1972 til 1973. Medan eg var der, fekk eg ein førespurnad om eg kunne tenke meg å søke ei stilling i fysiologi på Universitetet her i Tromsø, som da var under oppstarting. Allereie før eg drog til Amerika, hadde Helge Stalsberg ringt meg og spurt om eg kunne tenke meg å vere med på eit møte med Peter Hjort og Hans Prydz for å avklare om eg kunne vere interessert i å komme oppover til Tromsø. Trass i haldninga

eg hadde på førehand, så var dei interessert i om eg kunne tenka meg det.

Medan eg var i USA, søkte eg på ein jobb som dosent i fysiologi i Bergen. Det er noen som meiner at eg fekk den stillinga, men ikkje tok den. Min versjon er at eg ikkje fekk stillinga, ein annan fekk den. Like etter så kom det førespurnad frå Noreg om eg var interessert i å søke toppstilling i fysiologi ved UiT. Eg søkte den stillinga som vart lyst ut på nytt etter at Eik-Nes, som først var tilsett, trekte seg. Denne prosessen fekk som resultat at ein engelskmann blei innstilt som nummer ein, og så var vi tre søkarar som var innstilt likt på andre plass. Førstemann, den engelske fysiologen, kom til Tromsø og hadde prøveforelesing i 1972. Dei fann ut at dei ikkje ville ha han. Da var vi tre som sto likt. Eg fekk da tilbodet om toppstillinga og blei utnemnt til dosent og tok til som dosent i medisinsk fysiologi i 1974. Opprykk til professor fekk eg i 1975.

Eg kunne rett nok ha starta i 1973, etter at eg kom frå Amerika. Men da spurte eg om eg kunne få vente eit år. Eg ville ha eitt år til i utlandet, nemleg på universitetet i Edinburgh, Royal Infirmary, universitetssjukehuset der. Der fortsette eg med hjarteforskning i eitt år. Sommaren 1973 var kona mi, Kari, og eg oppe og såg på forholda i Tromsø. Eg fekk utsetting med å gå inn i stillinga til 1974. Frå august 1974 har vi vore her, heile familien.

*Du starta tidleg arbeidet for å opprette ei forskingsgruppe innan hjarteforskning?*

Det er ikkje alle som er klar over bakgrunnen min som forskar, hjarteforskar, med utanlandsopphald to år etter doktorgraden, først i San Francisco og så i Edinburgh, vidare to sabbatsår der eg ein gong har vore i USA etter dette, der eg dreiv med hjarteforskning frå 1981 til 1982. Det som da var mitt store sakn da eg kom hit i 1974, det var ei forskingsgruppe innan hjarteforskning. Derfor gjekk eg i gang med å etablere ei slik. Hovudsaka på Ullevål sjukehus var å bli lært opp i hjarteforskning, hjarteinfarktforskning og hjartesviktforskning. Vi dreiv forsøk på dyr, som rotter. Det nye her oppe var at eg etablerte ei forskingsgruppe som brukte hundar som forskingsdyr. Det var eit kapittel for seg. Det å forske med hundar, som står mennesket så nær, det er inga enkel sak. Johan B. Steen, som allereie var etablert som professor i fysiologi og som var ein hundemann av dei sjeldne, sa at viss du skal drive med hjarteforskning på hundar, så må du fortelje i blada *Tromsø* og *Nordlys* med ein gong at du skal gjere det. Det må ikkje bli slik at du driv i det skjulte og så kjem det eit sirkus når folk blir klar over det. Eg gjekk difor ut og sa at det er ein betydeleg høgare frekvens av hjarte-karsjukdom i

Nord-Noreg enn sørpå. Så kom Tromsøundersøkinga, som vi hekta oss på.

Den sida av hjarteforskinga som kallast eksperimentell hjarteforsking, etablerte eg da saman med andre etter kvart, og eg fekk ei stipendiatstilling, min første stipendiat heitte Harald Vik-Mo. Det tulla på seg med ingeniørar og forskarar, og vi fekk aksept på å drive med denne forskinga på hundar. Ikkje nok med det, vi annonserte i avisene *Tromsø* og *Nordlys* om at vi ønskte hundar til hjarteforskinga, *henvendelse Ole D. Mjøs*. Hadde det skjedd i dag, så hadde vi blitt bura inne, det ville vore heilt utanom alle reglar. Men vi fekk hundrevis av nye hundar, til ein rimelig billig penge også. Seinare har ein gått over til gris som forsøksdyr.

Det kom fleire hovedfagsstudentar, og nokon av dei tok doktorgraden og blei professorar på avdelinga hos oss. Terje Larsen er ein av dei, likeins Kirsti Ytrehus, og begge to er framleis på avdelinga. Over tid har 40 doktorgrader kome ut frå medisinsk fysiologisk avdeling her på UiT, som lenge var den avdelinga som produserte flest doktorgrader. Eg fekk gode medarbeidarar forskingsmessig og på laboratoriet. Vi fekk i gang ei gruppe med internasjonalt renommé, som var og framleis er viktig i samarbeid med epidemilogisk hjarteforsking ved Institutt for samfunnsmedisin og med Medisinsk avdeling på sjukehuset, der kardiologen Knut Rasmussen var professor og spela ein viktig rolle. Vi fekk eit veldig godt nettverk. Det medførte også at da vi fekk etablert Regionsjukehuset og MH-bygget, så måtte dei ligge nær kvarandre. Eg var faglig koordinator for MH-bygget og satt i rådet for det nye RiTø (Regionsjukehuset i Tromsø, seinare UNN). Vi la vekt på å oppnå synergieffektar i forskingssamarbeidet på hjartesida og på andre sider innanfor medisin. Men det heile starta på Teoribygget, der det var eit fantastisk miljø både fagleg og kulturelt.

*Kva med engasjementet ditt innanfor rusomsorgen?*

Roy Røed var ein ven av meg frå Oslo. Han hadde vore psykiatar på Åsgård sjukehus i fire år, men i det eg kom opp, så flytta han med familien sin til Oslo. Men før han flytta, svara eg ja da han bad meg om å vere tilsynslege på eit verneheim for alkoholikarar på Skattøra. Dette førte til at eg i seks års var tilsynslege der utanom alle reglar, utanom alle prosedyrar, utanom jobb, utanom alt. Da blei eg kjent med alle som hadde problem med alkohol i byen, også mange med narkotikaproblem. Da eg slutta etter seks år, kring 1980, tenkte eg at no tar eg ein pause. Men det førte bare til at desse alkoholikarane tok Teoribygget i bruk som herberge og kom dit i tide og utide, mest i arbeidstida. For da var det jo

det meste ope. Det var full fart på Teoribygget, som (Rolf) Seljelid og andre har sagt. Det utrulege var jo at trass i det rullebladet som mange av dei hadde, så var det sjeldan at det kom noko vekk.

Det var eit pulserande liv på Teoribygget, med tette relasjonar mellom oss tilsette og god kontakt med studentane. Oppi dette kom det så ein helt annan type folk, byens rusmisbrukarar, som gjekk der akkurat som det var heimen deira. Så det var eit blomstrande liv, og det må eg seie at den toleransen som folket på Teoribygget, på eiga avdeling og elles, viste oppi dette, var ganske så eineståande. På ein eller annan måte fekk alle ein flik av dette sosiale samvitet. Det første bygget eg har vore med på å få reist, det ligg sør på Tromsøya. Det er eit herberge, eller hybelbygg for alkoholikarar, bygd av kommunen.

*Du engasjerte deg tidleg i politisk arbeid?*

Eg har alltid hatt ei politisk interesse. Som studentpolitikar var eg formann i Studentersamfunnet i Bergen. Eg var med i studentrådet, hadde leiande stillingar i kristeleg studentarbeid. Eg var opptatt av studentarbeid og studentaktivitet. Det kom vel med da eg seinare blei rektor på UiT, med omsyn til kontakten med studentane.

Men eg engasjerte meg også i kommunale tilhøve og blei medlem av kommunestyret i halvannen periode, først heile perioden frå 1983 til 1987 og halve perioden frå 1987 til 1991. Eg gjekk ut av kommunestyret da eg vart valt til rektor på Universitetet frå 1. august 1989. Eg følte at det var ein så stor jobb å vere rektor at eg ikkje kunne vere medlem av kommunestyret samstundes.

Eg var også engasjert i menigheita i Tromsdalen, satt 12 år i menighetsrådet og var leiar i eitt år. Slik var eg aktiv i kyrkelege så vel som i kommunalpolitiske samanhengar. Det kommunalpolitiske engasjementet kom godt til nytte da eg blei rektor. For da hadde eg ein arena av lokalpolitikarar som ikkje bare var kollegaer, dei var vener. Eg hadde ein arena i byen, i kommunalpolitikken, i ein fase der det stort sett bare var Gerd Bjørhovde og eg frå Universitetet var aktive der. Da eg slutta i kommunestyret og var blitt rektor på Universitetet, var det første eg gjorde å invitere kommunestyret til møte i Breivika. Dei var her og koste seg i kafeteriaen, og dei hadde ein stor fiskeripolitisk temadebatt. Eg ønskte at Universitetet skulle bety noe i samfunnet, og var ikkje redd for å snakke om UiT som eit politisk universitet.

*Du kom også tidleg inn i universitetspolitikken?*

Det er litt rart å tenke på at eg var dekan på det medisinske fakultetet, eller det som da het Fagområde medisin, frå 1983 til 1986. Frå 1985 var

eg faktisk eitt år både prorektor ved Universitetet og dekan på medisin. Eg var altså prorektor i Narve Bjørgo si rektortid, frå 1985 til 1989. Frå 1. august 1989 til 31. desember 1995 var eg rektor på UiT. I den perioden skjedde det ganske mye. Rundt 1980 sleit vi framleis med å nå opp i 2000 studentar. Da eg blei rektor, hadde vi rundt 2700 studentar. Men like etter kom det ein veldig studentauke nasjonalt, som vi sjølv sagt registrerte også hos oss. Eg følte at dette var ein verkeleg god sjanse for dette universitetet til å auke talet på studentar. Eg visste jo at dersom vi auka studenttalet, så ville løyvingane kome nesten proporsjonalt.

Ein verkeleg god medarbeidar i spørsmålet om å opne universitetet var Paul Stray, som da var studiedirektør. Han slutta heilhjarta opp om at vi måtte ha eit ope universitet for nye studentar. Vi hadde ein glimrande, ein unik sjanse til å få auka studenttalet. Det som var poenget, var at universiteta i Oslo, Bergen og Trondheim sette begrensingar på dei såkalla frie studia. Medan alle hadde lukka studium, medisin til dømes, så hadde dei humanistiske faga og samfunnsfaga vore opne over heile Noreg. Så begynte Bergen og Oslo å seie: «Vi har ikkje kapasitet til å ta folk inn på dei frie studia, vi må avgrense tilgangen». Dette blei diskutert rektorane imellom. Dei ville bare gjere avgrensingar. Eg sa da til universitetsstyret: Dette tilseier bare at vi slettes ikkje må avgrensa. Vi må vidopne dørene. Vi kunngjorde difor det opne universitet og sa: Kom til oss, dørene er opne. Resultatet blei ein flom av nye studentar. Og det utløyste rimeleg fortvilning på det samfunnsvitskaplege fakultetet, der dei merka trykket mest. Der var det heldigvis ein oppegående dekan, Reidar Bertelsen.

Det var ei fantastisk tid, ikkje minst sidan vi blei tilført ei mengd nye stillingar, nær 300 samla, i min periode. Det var faktisk i nærleiken av det som skjedde da Universitetet starta tidleg på 1970-talet. Det gjorde at vi kunne styrke faggruppene med kraftig oppbemanning. Vi sa at det skulle vere minst sju-åtte faste stillingar på kvar einaste fagavdeling. Vi fekk til dels kritikk frå dei andre universiteta for at vi heldt ope. Det var òg kritikk mot at vi tok inn kreti og pleti. Korleis var det med kvalitetskravet? Poenget var bare at vi måtte bli synlege som eit ikkje bare regionalt universitet, men som eit nasjonalt universitet som kunne trekke studentar frå heile nasjonen. Det gjorde vi. Eg trur at dette var eit ganske genialt grep, om eg skal seie det sjølv.

*Du hadde meir enn ein finger med i spelet da Norsk polarinstitutt kom til Tromsø?*

Det var ei sak som vi heldt på med i tre og eit halvt år. Det var spørsmål om å flytte Norsk polarinstitutt frå Oslo til Tromsø. Det er interessant

at det nett no var stor tiårsmarkering for innflytting i det nye Polarmiljø-senteret på Strandvegen. Det var fest, og eg fekk høve til å takke for maten. Det arbeider om lag 200 personar ved Polarmiljø-senteret. Og det var kring 280 til stades på festen. Når ein hører visjonane frå Jan Gunnar Winther, leiaren for Polarinstittet, så forstår ein kva det har betydd. Eg meiner det er den fagleg og kulturelt best begrunna flyttinga av nokon statsinstitusjon ut frå Oslo. Fordi her er ikkje bare flytting av ein eller annan etat frå Oslo til ein annan stad. Her hadde ein i Tromsø heile polarkulturen, polarområdet, Arktis, og attpåtil fekk vi Barents-regionkonseptet med (Thorvald) Stoltenberg og kompani. Polar- og ishavstradisjonane var her.

For min del har dette også ei tilknytning til det som skjedde hausten 1989, da regjeringa Syse blei etablert. Da fekk eg telefon frå Jon Lilletun og Kjell Magne Bondevik medan eg vaska golvet heime ein laurdag. Først frå Jon Lilletun og like etter frå Bondevik: «Nå må du bare ta lakkskoa på deg, på måndag stiller du som undervisnings- og forskingsminister i regjeringa Syse». Da var eg akkurat blitt rektor på Universitetet, og av omsyn til familien, med små ungar og det heile, så blei det umuleg for meg å seie ja. Eg har seinare aldri sagt ja til korkje stortingsplass eller andre tilbod som ville medført at eg måtte bu i Oslo. Eg har heile tida villa bu i Tromsø og har pendla når det har vore naudsynt. I den fasen var det avgjerande at eg nettopp var blitt rektor. Eg valte det lokale, bli heime, fortsette som rektor, vel vitande om at regjeringstida til Syse truleg ville bli kort. Den blei på eitt år.

Det er hausten 1989 at direktøren på Polarinstittet på eit møte for polarforskarar i Moskva uttaler at dei no skulle bygge eit nytt Polarinstittet i Vika i Oslo, med eit stort opplevingssenter. Da kontaktar eg med ein gong Harald Overvaag og seinare Tore Vorren, som blei dei næraste samarbeidspartnarane i denne flyttesaka. Det faglige bidraget frå Vorren var heilt unikt. Han var knytt til fagfeltet geologi, som dei ikkje dekte i same grad på Polarinstittet i Oslo. Når Tore Vorren uttalte seg om fagpolitiske spørsmål, da skalv dei på Polarinstittet, for dei hadde ingen motvekt. Harald Overvaag, direktør med framifrå kontaktar i Stortinget og styringsverk elles, blei jo ein nøkkelperson her. Eg heldt fram at når det nå er snakk om å bygge eit nytt Polarinstittet og eit nytt opplevingssenter for polarsaker i Oslo, så er tidspunktet for n'te gong inne for å få endeleg avgjort flyttinga av Norsk polarinstittet til Tromsø. Det heldt vi altså på med da i berg- og dalbane i tre og eit halvt år inntil 9. juni 1993, da Stortinget vedtok flytting av Norsk polarinstittet til Tromsø. I april det året ringte utanriksminister Stoltenberg meg. Han hadde oppspora at eg var i Oslo på eit møte i Forskingsrådet. Han ringte

etter eit regjeringsmøte i april 1993 og ønskte personleg å orientere om regjeringa sitt vedtak om flytting av Norsk Polarinstitut.

Berre for å seie noko kort om det arbeidet vi gjorde, så følte eg som rektor eit strategisk hovudansvar for denne prosessen. Det var sjølv sagt inga enkel sak, dei fleste i byråkratiet var imot, og ikkje minst, dei fleste i regjeringa. Vi hadde kome ganske langt med å få overtydd ho (Kristin) Hille Valla, som var blitt miljøminister i Syseregjeringa. Vi håpte Syseregjeringa etter kvart skulle gå inn for flytting. Men så falt den etter eitt år. Stortingsrepresentant Torbjørn Berntsen kom inn som ny miljøvernminister. Han hadde allereie like før han blei miljøminister skrive under saman med dei andre stortingsrepresentantane frå Oslo på at dei skulle gå mot ein kvar ytterlegare flytting av arbeidsplassar frå Oslo. Bakgrunnen var at fleire industriarbeidsplassar i Oslo nettopp hadde blitt nedlagt. No kunne dei ikkje tåle meir tap av arbeidsplassar. Dette prega nok hans inngang til miljøministerjobben. Kort tid etter var eg med på ein debatt på Dagsnytt 18 kor eg krangla med Torbjørn Berntsen. Han rikka seg ikkje ein tomme. Han var også på besøk her frå tid til annan og diskuterte med oss. Berntsen var ein kjempekar, og det falt aldri eit vondt ord mellom oss. Spørsmålet var oppe fleire (fem til seks?) gonger i regjeringa.

I desember 1999 opna kongen det nye Polarmiljøsenteret i Tromsø. Da var Torbjørn Berntsen også til stades. Da spurde eg Berntsen om når han endra standpunkt når det gjaldt flyttinga. Han svarte at han var mot heile tida. Men på eit tidspunkt skjønnte han at det var eit fleirtal i regjeringa som ville flytte, men at dei ikkje turte å flagge det av omsyn til han. Dei kom ikkje ut i opent lende av omsyn til Torbjørn Berntsen, som dei ikkje ville skuffe. Da seier statsmannen Torbjørn Berntsen at han ikkje kunne leve med at det var eit fleirtal i regjeringa for flytting som ikkje sa ifrå om det av omsyn til han. Da måtte han endre standpunkt. Så meddelte han regjeringa at han hadde endra syn.

Dagen da saka kom opp i Stortinget, ser eg statsminister Gro Harlem Brundtland i stortingsrestauranten. Ho ville vete kvifor vi var i Stortinget. Eg svarte at Stortinget med stort fleirtal hadde vedtatt flytting av Norsk polarinstitut. Det syntes ho var fint, før ho opplyste at ho heile tida hadde meint at Polarinstittuttet skulle flyttast til Tromsø. Det er muleg at Gro Harlem Brundtland si rolle har vore undervurdert. Kanskje ho ikkje har villa tvinga fram eit standpunkt i regjeringskonferansane. Det er muleg at ho da har styrt dette slik at det blei ei endring i regjeringa, slik det skjedde da Torbjørn Berntsen endra standpunkt.



I Stortinget var William Engseth viktig. Det var eit avgjerande vedtak som skjedde i Arbeidarpartiet si stortingsgruppe før stortingsvedtaket 9. juni. Arbeidarpartiet måtte gå inn for dette viss vi skulle få det til. Der spelte William Engseth ei viktig rolle. Vi kunne ikkje stole på Høgre. Harald Overvaag og eg hadde vore nede for å snakke med Høgres stortingsgruppe om flytting av Polarinstittuttet. Av dei vi møtte, var det bare Svein Ludvigsen som støtta oss. Dei andre ville ikkje sjå oss fordi at dei hadde fått fullstendig hetta etter at dei i Syse-regjeringas tid hadde brukt alle krefter på å få flest muleg av representantane til å gå inn for flytting av Flymuseet til Bodø. Det var like før polarinstittuttflyttinga, så den distriktpolitiske kvoten for Høgre var oppbrukt. Dei einaste i Stortinget som stemte for flytting frå Høgres stortingsgruppe, var representantane frå Nordland og Svein Ludvigsen.

Vi var ein gong i møte i utanrikskomiteen, og det var ei temmeleg spesiell sak. Harald, eg, og truleg også Tore Vorren, møtte komiteen, der Jan Pettersen var leiar. Så var det også ein journalist frå bladet *Nordlys* som hadde forvilla seg inn. Dei hadde aldri fotografar eller journalistar inne på møta. Jan Pettersen spurde meg, kven i h..... det var som hadde kome seg inn på dette møtet. Eg svara at det var ein journalist og fotograf som gjerne vil ta noen bilete frå komiteen, dei dekker flyttinga av Polarinstittuttet. Jan Pettersen blei rasande og sa at han der karen frå *Nordlys* måtte komme seg ut, jo før jo heller, her var det ingen plass for slike folk. Det betydde at vi begynte møtet med ein temperatur på minus 100. Vi klarte aldri å komme lenger opp enn til minus 1. Det var det møtet.

Tromsøavisene dreiv med såkalla aksjonsjournalistikk for flytting. Redaktør Ivan Kristoffersen var sterkt for i det han skreiv. Men på eit tidspunkt lanserte Ivan ein ide om at vi kanskje kunne dele Polarinstittuttet i to, slik at forskingsdelen flytta til Tromsø, medan forvaltningsdelen, som hadde meir direkte kontakt med Miljødepartementet, kunne vere att i Oslo. Da måtte vi ta ein samtale med Ivan. Vi sa til han at forvaltningsdelen var hovudsaka for Polarinstittuttet, og at ei deling var uaktuelt. Han slutta etter det å argumentere for deling.

Vi var i Stortinget, Harald og eg, da vedtaket vart gjort. Tore Vorren var i Tromsø og tok imot hyllinga her oppe. Eg hadde kontakt ifrå Stortinget med NRK Troms, men reporteren fikla så voldsamt med leidningane, så det var så vidt vi kom på lokalnytt her oppe. Da er det at eg seier dei store orda, direkte på ettermiddagssendinga 9. juni 1993 da vedtaket i Stortinget var gjort: «Nå er det 17. mai, pinse og jul og alt i eitt her i Tromsø, og alle flagga er oppe i byen». Da er det kona mi Kari ser utover byen, og ikkje oppdagar eitt einaste flagg bortsett frå at vår gode venn

Andreas Nordvåg i nabohuset hadde flagget oppe av omsyn til meg og ikkje noe anna.

*Du har også jobba for å få nye tilbod til Universitetet?*

Det har heile tida vore viktig for meg at det kjem nye tilbod på Universitetet. Da eg tok til som rektor, så var det vel eigentleg konsolideringslina som Narve sto for som rektor, som rådde grunnen. Som prorektor slutta eg sjølv sagt lojalt opp om den. Talet på studentar var flatt, vi fekk ikkje nye stillingar. Vi måtte bare gjere det beste ut av det. Vi visste at det sjeldan kjem nye stillingar eller ekspansjon på grunn av konsolidering, men det var den politikken vi hadde. Da eg blei rektor, var eg interessert i å etablere nye fag. Eg ønskte at vi skulle få full presteutdanning. Det var ei sak som eg og noen andre hadde drive med i ei rad år. Det var oppe i Universitetstinget fleire gonger, med negativt resultat, det same skjedde i fakultetsorgan og i Universitetsstyret. Da eg blei valt til rektor, så sa eg til meg sjølv at viss eg ikkje får etablert teologiutdanning eller utdanning i generell religionsvitskap med spesialisering som opnar for presteutdanning, så ville eg vurdere å gå av som rektor. Dei mange nye stillingane som kom, ga rom for nye fag. Bibliotekutdanninga kom parallelt med religionsvitskap. Tidligare hadde vi vore fiksert på at det var kristendomsfaget som skulle byggast ut. Det var da også eit tilbod i kristendomsfag i Alta. Når vi rørte ved kristendomsfaget her i Tromsø, så følte dei seg trua der oppe. Med den generelle ideologiske motstanden mot kristenmanns blod var det større sjansar på Universitetet viss ein ikkje nemnte kristendomsfaget, men i staden religionsvitskap, der ein opnar opp for ein generell religionsvitskapleg del og ein kristendomsfaglig del av religionsvitskapen, som så kunne danne grunnlaget for ei presteutdanning. Det blei det gjort ei utgreiing om. Paul Stray gjorde som studiedirektør ein stor innsats. Utgreiinga gjekk ut på at vi no gjer nye framstøyt for å få oppretta religionsvitskap. Spørsmålet var om vi skulle få det etablert på Humanistisk fakultet (HUM-fak.) eller om det skulle vere ein del av det Samfunnsvitskaplege fakultetet (SV-fak.). Det var til behandling fleire gonger ved SV-fakultetet. Vi meinte at kyrkje og samfunn skulle sjåast i samanheng slik at religionsvitskap burde vere ein del av SV-fak. og ikkje av HUM-fak., som tradisjonell teologi var nærare knytt til. Vi tenkte oss ei presteutdanning med ein samfunnsfagleg vri. Samstundes var biblioteksutdanninga oppe. Det vart semje om at det tilbodet gjekk til humaniora.

Det var lenge motstand på SV-fakultetet mot presteutdanninga, men med gradvis fleire nye støttespelarar på fakultetet kom det etter kvart på plass. Det betydde mye at vi fekk inn Øyvind Norderval, som gjorde ein kjempeinnsats som professor her i ei årrekkje. Han fekk bygd opp

religionsvitenskap til å bli eit veldig attraktivt fag med god forskingsbasis, med nordnorsk relevans og masse hovudoppgåver. Kort sagt; det blei ein suksess. I tillegg fekk vi ei avdeling under Det teologiske seminaret i Oslo hit, så vi fekk oppretta Kyrkjelig utdanningscenter i nord, som held til i Forskingsparken og som gir praktisk kyrkjeleg utdanning for dei som vil bli prest, kateket, diakon eller kyrkjemusikar. Samla har vi etter kvart fått til ei full presteutdanning, rett nok på ein litt annan måte enn sørpå. Det har vore bra på alle måtar, miljømessig, rekrutteringsmessig osv. Dette viser mi interesse også for fag langt utanfor Det medisinske fakultetet.

Rektorposisjonen på Universitetet ga meg ei plattform for å arbeide for nye fag, samt arbeide for konsolidering av gamle fag, paradoksalt nok. Det er nemleg slik at ressursane følgde studentstraumen opp hit og gav rom for både konsolidering og for nye fag. Dermed blei det ei tid for utbygging som var ganske legendarisk.

*Du vart i 1998 utnemnt til leiar av utvalet til å utgreie høgare utdanning i Noreg etter 2000?*

Medan eg hadde eit sabbatsår i England i 1998, blei eg i 1998 oppringt av statsråd Jon Lilletun. Han spurde om eg kunne tenke meg å bli leiar for det utvalet som skulle utgreie høgare utdanning i Noreg etter 2000. Eg hadde allereie hausten 1996 i ein kronikk i Aftenposten føreslått at det burde bli nedsett ein utdanningskommisjon som skulle sjå på reformer innan høgare utdanning. I juni 1997 vedtok Stortinget at eit slikt utval skulle oppnemnast. I april 1998, ringde så Jon til meg. Kommisjonen som eg vart leiar av, hadde 17 medlemmar, vi hadde 26 møte, og vi heldt på frå 1998 til år 2000. Arbeidet munna ut i ei innstilling frå kommisjonen som er best kjend som Mjøs-utvalet. Storparten av tilrådingane gjeld ein kvalitetsreform for sektoren. Vi var på eit vis på ei bølge som kanskje for ein del ville kome også utan dette utvalet. Men det er sjeldan at noe har gått så fort og blitt implementert politisk så raskt av eit utvalsarbeid. Eg trur heller ikkje det har vore eit meir ope utval enn vårt. Eg heldt nesten hundre foredrag, eg rådde alle til å snakke til ei kvar tid, aldri seie nei, under arbeidet i utvalet, ut frå mi overtyding om at ein open debatt er bra. Så sa folk da vi hadde levert innstillinga det var ikkje noe nytt her, men da var folk klar til å ta den.

*Kva med arbeidet for fred og konfliktløysing ved UiT?*

Under arbeidet hadde eg oppdaga at det var noe som heitte fredsutdanning noen stader i verda. Jon Lilletun hadde bede meg om å reise saman med ein norsk delegasjon til ein større verdskonferanse i Paris i oktober 1998 om høgare utdanning. Da var Bolognaerklæringa komen

om felles gradssystem. På konferansen i Paris såg eg plutselig at det skulle vere eit seminar med tema: *What can the universities do to create a culture of peace in the world*. Nobelprisvinnaren Óscar Arias Sánchez leia debatten, der rektorar frå Ghana, USA, det tidlegare Jugoslavia og Kina diskuterte universiteta si rolle i fredsarbeidet. Da slo betydinga av fredsutdanninga meg.

Noreg har hatt Nobelprisen i 100 år, dette var lenge før eg fekk noe med det å gjere. Vi har hatt eit forskingsinstitutt for fred i Oslo i mange år. Men det var utanom Universitetet i Oslo. Vi mangla fredsperspektivet i høgare utdanning, i heile høgskole- og universitetssystemet. Då kunne vi ikkje skulde Afrika og andre nasjonar for ikkje å ha fredsutdanning på universitetsnivå, når vi heller ikkje hadde det sjølv. Då eg kom tilbake i slutten av oktober 1998, møtte eg ei rekke studentar og andre som var opptekne av fredsarbeid. Pedagogen Vidar Vambheim var inspirert av Johan Galtung og interessert i fredsutdanning og konfliktløysing. Vi blei samde om at vi skulle arrangere ein konferanse, *Higher Education for Peace*, i mai 2000. Dette ville falle saman med at innstillinga frå Mjøs-utvalet blei levert, der det også står ein god del om fredsutdanning. Konferansen skulle først vere nasjonal, men blei internasjonal. Den var liten i utgangspunktet, men blei stor etter kvart, med 300-400 deltakarar frå 30-40 land. Vi fekk reist heile spørsmålet om utdanning i fred og konfliktløysing i mai 2000.

Det blei så bestemt at vi på UiT skulle etablere eit nasjonalt senter for fredsutdanning. Vi fekk 2 millionar i fleire år frå Bondevik, som opna senteret. Vi etablerte ei masterutdanning, som ble ei av dei første masterutdanningane vi ga på engelsk, og vi tok opp 20 studentar kvart år, halvparten frå utlandet, halvparten frå Noreg. Vi har halde på i fem år nå, og det er utdanna over 70 kandidatar i fred og konfliktløysing ved senteret. I tillegg kjem ei rad med konferansar og forskingsprosjekt.

*Det har vore hevda at Ole Mjøs er den beste informasjonsdirektøren UiT nokon gong har hatt?*

Det er viktig å bli synleg. Eg følte at der eg har kunna bidra mest, er viss eg har kunna samarbeida med fagleg og fagpolitisk gode folk. Da kunne eg bruke mine strategiske evner. Eg har heile tida syntest det har vore viktig å jobba i team. Da har vi vore uslåelege. Som rektor følte eg at det måtte det bli eit synleg universitet nasjonalt og internasjonalt. Du kan seie at min bakgrunn frå samfunnsaktivitet, studentpolitikk, kommunepolitikk, kyrkjelege samanhangar og interesse for politiske tilhøve, også partipolitisk, gjorde at eg var opptatt av det politiske universitetet. Og på ein måte så tok eg da lina frå det radikale universitetet frå starten.

Dette førte eg inn i rektorstolen og kalla meg sjølv, med rette eller urette, for ein av dei mest radikale personane på Universitetet.

*Kva meiner du at den posisjonen du bygde opp har hatt å seie for Universitetet og for landsdelen?*

Flyttinga av Polarinstituttet var ei sak som heile landsdelen var opptatt av. Eg følte også at universitetet i den tida kom nærare inn på folk. Eg minnes at du og eg hadde ein samtale om kor vidt Arthur Arntzen burde knytast til universitetet. Dagen før eg skulle halde opningstalen ved Universitetet i 1994, satt eg og strevde med talen. Så er det at eg ringer til Arthur i 11-tida på kvelden og spør om han kan tenke seg å bli utnemnt til professor i humor på UiT i morgon. Han svara ja. Neste dag så snakka eg berre med ein annan om det, Harald Overvaag. Harald måtte vite om det. Det var ikkje eit papir om dette her, det var heilt i det blå. Harald seier at viss eg kjende sterkt for det, så var det berre å la det stå til. Så skjedde det da at midt under opningstalen for Universitetet det året, heldt eg handa opp og sa at eg hermed utnemner Arthur Arntzen til professor i humor på Universitetet. På det tidspunkt blei UiT eit folkets universitet. Da skjønnte dei kva det dreidde seg om, at det var ikkje bare spørsmål om eit elitistisk miljø, men at også måtte ha breidda med oss. Vi måtte få inn den kompetansen som var i landsdelen. Difor fekk vi også ein båtbyggjar, og vi fekk Iver Jåks inn som samisk medarbeidar. Vi fekk til og med Ivan Kristoffersen inn i ei bistilling. Vi spelte på forhold ingen andre universitet var borti, dei var engstelege for at universitetet skulle bli devaluert gjennom slike handlingar. Det var symbolhandlingar for å vise eit universitet i kommunikasjon med landsdelen. For min eigen del var det viktig at eg hadde bakgrunn i eit sterkt akademisk medisinsk miljø, slik at ingen kunne seie at han Mjøs ikkje hadde den basisen av tryggleik i eit solid forskingsmiljø. Eg følte at eg hadde tilstrekkeleg fridom til å komme med ei slik erklæring, utan at noen kunne skulde meg for å gå på akkord med mine vitskaplege premissar, men at dette var noe som kom i tillegg, og som kunne ha ein enorm effekt utetter.

*Du støtta rektorane på dei fire profesjonshøgskolane i Tromsø i deira motstand mot fusjon?*

Interessant at du nemner det, du var jo da rektor på lærarhøgskolen, Åge Haugslett på ingeniørhøgskolen, Britt Vigdis Ekeli på helsefag og Ketil Solvik på Musikkonservatoriet. Dei kom til meg med eit dokument som vi publiserte i avisa *Nordlys*. Eg er ikkje viss på om vi gjorde vedtak i universitetsstyret. Det var i alle fall eit dokument underskrive av oss, der vi heldt fram at når tida er mogen, så må det bli fusjon med alle

høgskoleavdelingane. Men så veit vi visse grunnar til dette ikkje blei realisert. Eg gjekk til Gudmund Hernes to gonger og sa, kan vi ikkje bare få det gjort med ein gong. Høgskolen i Tromsø vil berre bli ein mellomstasjon for desse fire høgskolane. Kvifor kan dei ikkje like godt integrerast når rektorane sjølv ønskjer det så sterkt at dei kjem til Universitetet og ber om det. Det er jo ein fantastisk mulighet til å få det gjort med ein gong. Hernes meinte at det blei ei for stor sak for det nasjonale universitets- og høgskolesamfunnet å takle. Det var eit overraskande svar frå han, som jo hadde fusjonert det som var å fusjonere. Men på ein eller annan måte så må det ha vore det at det var ein høgskole og eit universitet som skulle gå saman. Så veit vi jo at direktøren i Det regionale høgskolestyret, Bjørn S. Hanssen, var negativ til forslaget. Men rektorane kom med denne budskapet, eg tok han opp, og vi gjorde vedtak om at innanfor ein tiårsperiode skulle dette skje. Det var i 1992/93. Slik gjekk det altså ikkje. Men det finst som kjend ein artikkel som prov på at vi saman ønskte å få det til ein fusjon tidlegast muleg. No vert det til sist fusjon, og eg ønskjer det skal bli ein lykkeleg fusjon for alle partar.

*Har forventningane dine da du drog til Tromsø blitt innfridd?*

Det vore fantastisk å få vere med på å bygge denne institusjonen. Peter F. Hjort fortalte ein gong at han hadde ei skisse i lomma som viste korleis campus skulle bli her i Breivika. Da vi kom opp her, så var det berre det gamle sentralsjukehuset, og så var det Teoribygget. Dei andre einingane var i byen. Det første bygget som kom her i Breivika, var realfagsbygget som sto ferdig i 1978. Deretter kom bygga som perler på ei snor. Eit heilt nytt universitet, ein heilt ny campus. Det å ha vore med på å bygge eit skikkelig nytt klassisk universitet i Nord-Noreg som kanskje er det største distriktspolitiske tiltak nokon gong for Nord-Noreg, det har vore ei stor glede som det er fantastisk å sjå tilbake på.